



Arkivnr: 2014/22536-6  
Saksbehandlar: Lise Fauskanger Ådlandsvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for miljø og samferdsel		01.12.2016
Fylkesutvalet		08.12.2016
Fylkestinget		13.12.2016

## Fylkesvegane i Hordaland - Plan- og byggeprogram 2017

### Samandrag

Fylkesrådmannen har lagt fram forslag til budsjett for 2017 og økonomiplanen for 2017-2020. Saka vert politisk handsama i fylkestinget den 13. desember 2016. Fylkesrådmannen legg med dette fram forslag til eit todelt plan- og byggeprogram for 2017 på fylkesvegnettet; eit som omhandlar Bergen (Bergensprogrammet) og eitt som omhandlar Hordaland utanom Bergen.

Fylkesrådmannen legg fram forslag om 687 mill. kr. til Bergensprogrammet, med ei fordeling på 330 mill. kr til store prosjekt, og 357 mill. kr til programområda. I forslag til budsjett for 2017 vert det lagt opp til ei stor satsing på gang- og sykkeltiltak med over 150 mill. kr i friske midlar.

For fylkesvegane i Hordaland utanom Bergen er det ei totalråme på 978,3 mill. kr som inkluderer bompengar, andre eksterne midlar og refusjonar. Det fylkeskommunale bidraget (HFK-midlar) er på totalt 721,3 mill. kr. Av dette er det sett av 549 mill. kr til strekningsvise prosjekt, 80 mill. kr til programområde inkludert planlegging og grunnnett, medan ein sum på 160 mill. kr går til tyngre vedlikeholdstiltak med investeringskarakter, kalla standardhevingstiltak. Det vert sett av 67,3 mill. kr til rassikring. Midlane til mindre utbetringar er i 2017 ein eigen post, og ikkje lenger ein del av programområdet. Tiltaka i denne posten løfter fram samarbeidsprosjekt av mindre karakter som skjer i samhandling med kommunane.

Forslag til Plan- og byggeprogram for Bergensprogrammet er handsama i Bergen bystyre. Fylkesrådmannen stiller seg bak saksutgreiinga som er lagt fram for Bergen bystyre. Nærare omtale av dei ulike prosjekta finn de i plan- og byggeprogram for Bergensprogrammet og plan- og byggeprogrammet for Hordaland utanom Bergen.

### Forslag til innstilling

Fylkestinget vedtek plan- og byggeprogram 2017 for Hordaland utanom Bergen og for Bergensprogrammet.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Vedlegg

- 1 Bergensprogrammet - Plan- og byggeprogram 2017
- 2 Bergen kommune saksdokument Plan- og byggeprogram 2017 Bergensprogrammet
- 3 Protokoll Bergen bystyre
- 4 Plan- og byggeprogram for Hordaland utanom Bergen 2017

## **Fylkesrådmannen, 11.11.2016**

### **Bakgrunn**

Fylkesrådmannen har lagt fram forslag til budsjett for 2017 og økonomiplanen for 2017-2020. Saka vert politisk handsama i fylkestinget den 13. desember 2016. Fylkesrådmannen legg med dette fram forslag til eit todelt plan- og byggeprogram for 2017 på fylkesvegnettet; eit som omhandlar Bergen (Bergensprogrammet) og eitt som omhandlar Hordaland utanom Bergen.

Fylkesrådmannen legg fram forslag om 687 mill. kr. til Bergensprogrammet, med ei fordeling på 330 mill. kr til store prosjekt, og 357 mill. kr til programområda. I forslag til budsjett for 2017 vert det lagt opp til ei stor satsing på gang- og sykkeltiltak med over 150 mill. kr i friske midlar.

For fylkesvegane i Hordaland utanom Bergen er det ei totalrâme på 978,3 mill. kr som inkluderer bompengar, andre eksterne midlar og refusjonar. Det fylkeskommunale bidraget (HFK-midlar) er på totalt 721,3 mill. kr. Av dette er det sett av 549 mill. kr til strekningsvise prosjekt, 80 mill. kr til programområde inkludert planlegging og grunnerev, medan ein sum på 160 mill. kr går til tyngre vedlikehaldstiltak med investeringskarakter, kalla standardhevingstiltak. Det vert sett av 67,3 mill. kr til rassikring. Midlane til mindre utbetringar er i 2017 ein eigen post, og ikkje lenger ein del av programområdet. Tiltaka i denne posten løfter fram samarbeidsprosjekt av mindre karakter som skjer i samhandling med kommunane.

Forslag til Plan- og byggeprogram for Bergensprogrammet er handsama i Bergen bystyre. Fylkesrådmannen stiller seg bak saksutgreiinga som er lagt fram for Bergen bystyre. Nærare omtale av dei ulike prosjekta finn de i plan- og byggeprogram for Bergensprogrammet og plan- og byggeprogrammet for Hordaland utanom Bergen.

### **Plan- og byggeprogram for Bergensprogrammet**

Bergensprogrammet vert i hovudsak finansiert av fylkeskommunale midlar, bompengar og statleg belønningmidlar. Bergen kommune har i tillegg egne midlar til trafikksikringstiltak.

Hovudprioriteringane for Bergensprogrammet er vedteke av Stortinget. Det er med utgangspunkt i desse hovudprioriteringane at fylkeskommunen fastsett prioriteringane i dei årlege budsjetta.

Følgjande dokument ligg til grunn for prioriteringane i plan- og byggeprogrammet:

- Gjeldande stortingsproposisjon om Bergensprogrammet, St.prp. nr. 143 S (2012-2013).
- Prop. 117 S (2014-2015) «Nokre saker om luftfart, veg og jernbane» som opna for prosjektering av Bybanen sitt fjerde byggetrinn.
- Handlingsprogram for Bergensprogrammet 2014-2017, vedteke i bystyret 27.11. 2013 (sak 251-13) og i fylkestinget 10.12.2013.

Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune inngjekk i 2015 ein ny fireårig avtale med staten

om belønningsmidlar. Avtalen som gjeld for 2015-2018 har ei totalrâme på 724 mill. kroner. Vidare har Bergen og Hordaland motteke 60 mill. kr. frå tilleggstil deling belønningsmidlar i 2016. I tillegg er det søkt om ytterlegare midlar (1,65 mill. kr.) over ei ny tilskotsordning for å auke sykkelbruk (jf. byråds sak 1293/16). Eventuelle tilskot frå denne ordninga vil bli rapportert gjennom Bergensprogrammet si årsmelding.

Det er i 2017 totalt lagt opp til eit investeringsnivå på knapt 700 mill. kr. for Bergensprogrammet. Desse midlane er fordelt med 330 mill. kr til store prosjekt (Bybanen, Ringveg vest og Hjeltestadvegen). For programområda er det sett av 357 mill. kr til dei seks ulike programområda, saman med prosjektering og Rv 580 Sandslikrysset.

**Tabell 1. Forslag til plan- og byggeprogram Bergensprogrammet, hovudoversikt (alle tal i 1000 kr)**

Alle tall 1000 kr, 2017 kr.	Løyving HFK -midlar	Bom-pengar	Belønnings midlar	Andre eksterne midlar	Til disp. i 2017
Bybanen III		100 000			100 000
Bybanen IV		100 000			100 000
Ringveg vest II	20 000	60 000			80 000
Hjeltestadvegen		50 000			50 000
<b>SUM Store prosjekt</b>		<b>310 000</b>			<b>330 000</b>

	Løyving HFK-midlar	Bom-pengar	Belønnings midlar	Andre eksterne midlar	Til disp. i 2017
Miljø- og sentrumstiltak	36 000		11 000		47 000
Gang- og sykkeltiltak	83 000		53 000	18 000	154 000
Trafikksikringstiltak	32 000				32 000
Kollektivtiltak	75 000		21 000		96 000
Planlegging	20 000				20 000
Kommunikasjon	4 000				4 000
Prosjektering framtidige tiltak	2 000				2 000
Rv 580 Sandslikrysset	2 000				2 000
<b>SUM Programområde</b>	<b>254 000</b>		<b>85 000</b>	<b>18 000</b>	<b>357 000</b>
<b>SUM Bergensprogrammet</b>					<b>687 000</b>

#### Plan- og byggeprogram for Hordaland utanom Bergen

Plan- og byggeprogrammet viser kva som skal planleggjast og byggast i 2017. Midlane vert fordelt innanfor planlegging, strekningsvise prosjekt, rassikring, programområde og standardhevingstiltak. Midlar til bompengepakane ligg under strekningsvise prosjekt.

Plan- og byggeprogrammet for fylkesvegane utanom Bergen 2016 har ei totalrâme på 978,3 mill. kr som inkluderer bompengar, andre eksterne midlar og refusjonar. Det fylkeskommunale bidraget (HFK-midlar) er på totalt 721,3 mill. kr. Av dette er det sett av 549 mill. kr til strekningsvise prosjekt, 80 mill. kr til programområde inkludert planlegging og grunnetvev, medan ein sum på 160 mill. kr går til tyngre vedlikehaldstiltak med investeringskarakter, kalla standardhevingstiltak. Det vert sett av 67,3 mill. kr til rassikring. Midlane til mindre utbetringar er i 2017 ein eigen post, og ikkje lenger ein del av

programområdet. Tiltaka i denne posten løfter fram samarbeidsprosjekt av mindre karakter som skjer i samhandling med kommunane.

I forslag til budsjettvedtak for 2017 har ein har lagt til grunn denne fordelinga mellom dei ulike investeringsområda på investeringsbudsjettet:

**Tabell 2. Forslag til Plan- og byggeprogram for Hordaland utanom Bergen 2017 (alle tal i 1000 kr).**

Alle tal i 1000 kr	Løyving	Bompengar	Andre eksterne midlar	Budsjett 2017
Strekingsvise prosjekt	305 000	244 500	0	549 500
Rassikring	56 300		11 000	67 300
Mindre utbetringar	20 000		1 500	21 500
<b>SUM Prosjekt med eige løyving</b>	<b>381 300</b>	<b>244 500</b>	<b>12 500</b>	<b>638 300</b>
Kollektivtiltak	19 400			19 400
Trafikksikringstiltak	20 400			20 400
Gang- og sykkeltiltak	13 000			13 000
Miljøtiltak	8 200			8 200
Planlegging	16 000			16 000
Grunnerverv	3 000			3 000
<b>SUM Programområde</b>	<b>80 000</b>			<b>80 000</b>
<b>SUM Standardhevingstiltak</b>	<b>160 000</b>			<b>160 000</b>
<b>Refusjonar</b>	<b>90 000</b>			<b>90 000</b>
<b>Rebudsjettering</b>	<b>10 000</b>			<b>10 000</b>
<b>SUM Fylkesveggar utanom Bergen</b>	<b>721 300</b>	<b>244 500</b>	<b>12 500</b>	<b>978 300</b>

Detaljert oversikt og nærare omtale av dei ulike investeringstiltaka i 2017 går fram av Plan- og byggeprogrammet for fylkesvegane utanom Bergen.

Plandelen i dokumentet er tydeleggjort gjennom ein fyldig omtale når det gjeld bakgrunn og prioriteringar. Dette er eit ledd i arbeidet for å styrka og auka fokuset hjå fylkeskommunen på planleggingsdelen av vegprosjekta.

I plandelen har også nokre av dei viktigaste prosessane og det større arbeid som er knytt til fylkesvegnettet det kommande året fått ei nærare omtale. Kort oppsummert gjeld dette arbeidet med:

- Regional transportplan (RTP)
- Standardheving på eksisterande fylkesvegnett
- Val av standard på fylkesvegnettet
- Kollektivtrafikk og arbeidet med å utvikle knutepunkt
- Prioritering av trafikksikringstiltak
- Rassikring og planreserve
- Pågåande bompengepakkar og pakkar under planlegging

Når det gjeld byggeprogrammet så er den viktigaste endringa at Mindre utbetringar er løfta ut av Programområde, og i tillegg har blitt auka vesentleg.

#### **Fylkesrådmannen sine kommentarar**

Totalt skal det nyttast om lag 1,6 mrd. kr. til investeringar på fylkesvegnettet i Hordaland i 2017. Dette fordeler seg på 687 mill. kr til Bergensprogrammet, og 978,3 mill. kr til fylkesvegane utanom Bergen. I Bergen er det ei rimeleg lik fordeling av midlar til store prosjekt og midlar til programområdet, og det er gang- og sykkeltiltaka som i 2017 er satsa særleg på programområda. Målsetjingane som er sett innanfor kollektiv, sykkel og gange vert å nå ved å oppretthalde og styrke desse områda. Dette inneber at ein må ha eit større fokus på planlegging, og med det trong for meir planleggingsressursar for å kunne gjennomføre tiltaka innan rimeleg tid.

Det er etterspurd frå både fylkestinget og bystyret i Bergen å etablere ei bysykkelordning i Bergen, med intensjon om auka sykkelbruk, eit meir levande Bergen sentrum og på sikt eit meir heilskapleg, miljøvenleg transportsystem i Bergen. Fylkesrådmannen vil følgje arbeidet nærare opp 2017. For meir informasjon om bysyklar vil fylkesrådmannen vise til Bergen kommune sitt saksframlegg om plan- og byggeprogram for 2017 som er lagt ved saka.

Plan- og byggeprogrammet for Bergen 2017 bidreg etter fylkesrådmannen si vurdering til at overgangen mellom Bergensprogrammet og ein ny bypakke skal la seg gjere på ein god måte. Ei rekkje prosjekt vert ferdigstilt – både på plan- og byggesida. I ny periode vil det naturleg verte ein del bindingar, men mykje av dette er knytt til prosjekt som ville ha vore naturleg å prioritere og i ein ny bypakke.

Når det gjeld Hordaland utanom Bergen er det naturleg nok også her fokus på dei største og mest omfattande prosjekta slik som bompengepakkeane. På same tid er det også her viktig å halde fokus på dei mindre tiltaka, og løfte opp mindre utbetringar som kan utførast i samarbeid med kommunane. «Midlane til mindre utbetringstiltak er tekne ut av budsjettet til programområda frå 2017 og foreslått som eigen post på fylkesvegbudsjettet med 20 mill. kr kvart år i perioden. Budsjettposten er tenkt brukt til tiltak der kommunane eller andre bidreg med finansiering. For nokre av tiltaka er kommunane byggherre. Fleire kommunar ønskjer å samarbeide med fylkeskommunen om realisering av tiltak på fylkesveg gjennom spleiselag. Dette er fylkesrådmannen positiv til. I 2017 er omlag 5 mill kr av desse midlane til mindre utbetringstiltak foreslått sett av til strakstiltak i Kvinnherad kommune. Fylkesrådmannen har merka seg at eit samrøystes kommunestyre har slutta opp om prioriteringane i «Kvinnheradspakken», og at kommunen ønskjer å bidra med ein betydeleg del kommunale midlar til tiltak på fylkesveg i kommunen. Fylkesrådmannen vil kome attende med ei sak om «Kvinnheradspakken» til politisk handsaming.

Når det gjeld standardhevingsmidlane så vil fylkesrådmannen leggje fram ei eiga sak om oppfølging av tunnsikkerheitsforskrifta. Ei sentral problemstilling her er vil vere omfanget og nivået av tiltak når det når det gjeld oppgradering av tunnelar.

Vidare er det lagt inn noko midlar til oppgradering av Alversund bru i byggeprogrammet. Planlegging av ny bru i Alversund bru er og omtalt i plandelen. Fylkesrådmannen vil kome attende med ei eiga sak som tek opp i seg strategiske avvegingar om vedlikehald av dagens bru og framtidig nybygg.

Fylkesrådmannen rår til at fylkestinget vedtek plan- og byggeprogrammet for Bergensprogrammet, og plan- og byggeprogrammet for Hordaland utanom Bergen slik dei no ligg føre.